



# Årsmøte 2017



Torsdag 9. februar, Firda vidaregåande skule



*Gløppen janitsjar etter spelninga i Lille sal i Olavshallen 11. mars under NM for janitsjar i Trondheim.*

Hovudsponsor:



sparebanken  
sogn og fjordane

[www.gloppenjanitsjar.no](http://www.gloppenjanitsjar.no)

[facebook.com/gloppenjanitsjar](https://facebook.com/gloppenjanitsjar)



# Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
  - Namneopprop
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste
  - Val av møteleiar
  - Val av møtesekretær
  - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding 2016
4. Rekneskap 2016 med revisjonsmelding
5. Årsmøtesaker
6. Arbeidsplan 2017
7. Kontingent
8. Budsjett 2017
9. Val
10. Avslutning



*Leiar og nestleiar frontar korpset i ei pressemelding om Skotårsgallaen tidleg på året.*

## Innhald

Årsmelding	5
Rekneskap	10
Budsjett	10
Arbeidsplan	13
Årsmøtesaker	14
Kontingent	14
Val	15
<b>Vedlegg:</b>	
Gjeldande vedtekter	16
Referat årsmøtet 2016	18



# Årsmelding

## Årsmøtet 2016

Årsmøtet 2106 vart halde på Firda Vidaregåande skule torsdag 11. februar 2016.

### Styret

Leiar:	Martha Sundal Engeland	For to år
Nestleiar:	Ingrid Sundal Søreide	For tre år <sup>1</sup>
Kasserar:	Margunn A. Enebø	Attval - For to år
Sekretær:	Linda Pupe Støyva	Ikkje på val
Styremedlem <sup>2</sup> :	Reidunn Kjørvik Førde	For to år
1. vara <sup>3</sup> :	Martin Eikeset Koren	For eitt år
2. vara:	Gunnar Eide	For eitt år

### Musikkutval

Martin Eikeset Koren (leiar), Ole Henrik Mølmann, Trond Haugen, Dirigent

### Sosialkomité

Didrik Eide, Heidi Fure Klausen, Elin Nikoline Vie

### Valnemnd 2017

Hanne Lyngstad, Vigdis Henden, Olav R. Myklebust

### Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen

## Styret sitt arbeid

Styret har hatt møta i Sparebanken sine lokale og har handsama 28 saker. Det går mest på drift og aktivitetar. I år har vi også måtta sett oss om etter nye lagerlokale, då vi må ut av dei lokala vi har i dag. Vi flyttar til kjellaren i Sparebanken. Der får vi tilgang så lenge Margunn jobbar i Sparebanken, og ho må vere med kvar gong nokon skal inn. Ikkje ideelt, men vi slepp husleige, har kort flytteveg, og vi nyttar høvet til å rydde sakene våre. Musikkutvalet tar seg av notearkivet. Vi er framleis på jakt etter andre lokale.

Som oversikten lenger nede viser, har det kanskje til tider vore vèl stor aktivitet denne sesongen. Vinteren 2016 hadde vi i tillegg til ordinære øvingar: \*Øvingshelg \*Årsmøte \*4 ekstraøvingar \*Skotårsgalla \*NM i Trondheim og \*Påskebasar i tidsrommet 30. januar - 20. mars, alt på under 2 månader! I NM kom vi på 11. plass med 86 poeng. Vi vart dessverre første korpset som rykte ned i 5. divisjon.

- 1) Nestleiar vart har sagt seg samd i og vart vald for tre år for å kome i rute med å byte leiar og nestleiar annakart år
- 2) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.
- 3) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at leiaren i musikkutvalet er første varamedlem.







*Hygge på ein benk ved Veslevatnet ein sosial kveld i juni.*



*Grovblåsar-selfie før Brazz Brothers-konserten i oktober.*

# Årsmelding

Sesongavslutninga med utekonsert ved Lauget i sentrum, freistar til gjenta-king. Hausten starta med ein kjempekonsert, «New Orleans Parade», saman med Brazz Brothers den 2. oktober. Den gjekk også med overskot, og det var nødvendig etter dårlegare tal på Skotårsgallaen i februar. Takk til Martha og Ingrid som selde annonser for godt over 20 000 kroner dei to siste vekene før konserten.

29. oktober deltok vi i NV-meisterskapen på Nordfjordeid. Ferjetrøbbel gjorde at vi måtte køyre rundt fjorden. Trass dette vart vi NV-meister i 1. div. janitsjar med 88 poeng. Det bør då nemnast at vi var einaste korps i denne divisjonen.

Korpset har ein OK økonomi. Grunnen til at det varierer litt med kva som står på konto ved årsskiftet er at ein del store rekningar kjem rundt årsskiftet og då blir det av og til på «feil» år. Korpset og «dameklubben» jobbar godt med dei to basarane vi har, og hovudlotteriet. Det er desse tre som utgjer dei faste inntektskjeldene våre. I tillegg arrangerer vi konsertar med ulike økonomiske resultat. Dei åra vi har stått som teknisk arrangør av NV-meisterskapet, har vi fått økonomisk godt utbytte av dette.

Vi har bra oppdatert instrumentpark, jamt vedlikehald av instrumenta. ein ny baryton innkjøpt i 2016, og det neste større innkjøpet blir den tredje og største pauka i samlinga. Det kostar også å delta på NM kvart år, slik vi har gjort dei siste åra. I tillegg til instruksjon, instrument og notar, er det buss og sponing av skuleelevane utgjer det meste av utgiftene for korpskassa. Bussen kan vi ikkje få rimelegare, tusen takk til Magnar!

## Medlemmar

Ved årsskiftet 2016/17 har korpset 35 medlemmar pluss dirigent.

2 slutta i desember 16 og to nye starta i januar 17.

**Fløyte:** Thea Sofie Mundal (ny), Kyra Kuchenbecker (ny)

**Klarinett:** Britt Rønnekleiv Mølmann, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Elisabeth Røgeberg, Solveig Tørudstad

**Bassklarinet:** Gudmar Eikenes

**Saxofonar:** Margunn A. Evebø, Lene Førde, Reidun Kjørvik Førde, Jorunn Kvernevik, Didrik Eide. Kristin B Svendsen slutta i desember.

# Årsmelding



*Martha og Gudmar ventar på fotograferinga etter NM-spelinga i Olavs-hallen.*

**Trompet/Kornett:** Nils Reed, Andrea Vinsrygg Steen, Per-Helge Evebø, Trond Haugen, Heidi Fure Klausen.

**Valthorn:** Eva Fitje Holme, Pernille Nedrebø (ny), Vigdis Henden, Martha Sundal Engeland

**Trombone:** Bjørn Inge Solheim, Odd Hansen, Jenny Sorterup Hysing, Martin Eikeset Koren

**Baryton:** Olav R. Myklebust, Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva

**Tuba:** Ole Henrik Mølmann, Bernt Reed, Gunnar Eide

**Slagverk:** Elias Voll, Olaf Gloppen. Edvard Røgeberg slutta juni -16 og starta igjen ved årsskiftet 16/17. Magnus Leite slutta i desember.

**Dirigent:** John Rune Ødven

## Æresmedlemmar i Gloppen Janitsjar

Alf Evebø, Lars Alander, Odd Hansen, Martin Lyngstad, Nyfrid Eide og Jon G. Eide

## Korpset takkar:

Gloppen janitsjar takkar generalsponsor SFE og hovudsponsor Sparebanken Sogn og Fjordane for god og viktig støtte!

Korpset takkar den viktigaste støtta vi har, det som tidlegare vart kalla «dameklubben», men som no har like mange menn! Dei jobbar kvar tysdag på «juleverkstaden» på Eide og lagar julenissar og julehus på løpande band. I tillegg takkar vi alle dei som leverer heimelaga vinstar både til påskebasaren og julebasaren.

John-Rune Ødven har vore vår trufaste, dyktige, behagelige og tålmodige dirigent. Dette er 10. året han dirigerer Gloppen Janitsjar. Tusen takk!

Sandane 12. januar 2017

Martha Sundal Engeland, leiar

Linda Pupe Støyva, sekretær

Ingrid Sundal Søreide, Margunn Evebø, Reidunn Kjørvik Førde  
Martin Eikeset Koren, Gunnar Eide



*Trombonerekka i fokuserer til Skotårsgalla og NM under øvingshelga i januar.*



*Eit sjeldan bilete frå den årlege turen til Hyen skulekorps sin basar i mars.*



# Årsmelding



Plakaten til Skotårsgalla er klar og Ingrid heng opp den første på G-sport Sandane.



Kaffipause under fellesøvinga i Vereide kyrkje før julekonserten 20. desember.

## Speleoversikt og repertoar 2016

7. januar  
30. og 31. januar

### Første øving 2016

Øvingshelg i Aulaen. Begge dagar frå 1000 - 1630-1700. Ein times pause midt på dag. Laurdag hadde kvar med seg niste, (butikkane var opne) hadde med kaffi og kaker. Reidun hadde med Tine-varer. Søndag kjøpte vi 10 pizza på Mona Lisa, Brus og vatn på flaske til drikke.

11. februar  
24. februar  
26. februar  
27. februar

2100: Årsmøte 2016 i Aulaen.

1930: Ekstraøving i Kultursalen. Synnøve Nordvik.

1800: Ekstraøving i Kultursalen. Frode Alnæs og Marita Holme.

1100-1400: Øving og generalprøve i Kultursalen.

1930: Skotårsgalla i Kultursalen. Oppmøte 1800. Fyrverkeri etter gallaen. Pizza på hotellet.

*Fanfare for the Common Man, Soleil Soleil (Frode Alnes), BlindeKari-Hallingen, Vallflickans dans, Only Love (Frode Alnes), Lincolnshire Posy: Sats 2, Horkstow Grange, Sats 6, Lost Lady found, Lascia ch'io pianga (Synnøve Nordvik), Vergnugungszug, Pung'jass (Frode Alnes), Vesle Hoa som var en Hottentott, The Dam Busters, Vilja-Lied (Synnøve Nordvik), Vita Lux (Frode Alnes), Misty (Marira Holme), Hommage à Manuel de Falla (Marita Holme), Sea Songs, In The Navy, The Invisible Man (Frode Alnes), Everyone needs a friend (Frode Alnes).*

10. - 13. mars

NM Janitsjar Trondheim. Deltaking i 4. divisjon.

16 korps deltar. Resultat: 11. plass og 86 poeng. Nedrykk til 5. divisjon.

*Sea Songs. Lincolnshire Posy: Sats 2: Horkstow Grange og sats 6: Lost Lady found. Vesle Hoa som var en Hottentott.*

15. mars  
20. mars

Bjørn Inge Solheim 50 år. Korpset spelte marsjar.

Påskebasar i Breimshallen

*Sea Song, Vergnugungszug, Dam Busters.*

12. april  
14. april

Reidun Kjørvik Førde 50 år. Bortreist på dagen, feira på øving.

Skulekorpsbasar Hyen, arr: Hyen skulekorps.

*Sea Song, Vergnugungszug, Dam Busters.*

16. og 17. april

Praktisk dugnad for skulekorpsa, NV-meisterskap for skulekorps i kultursalen.

1. mai  
17. mai

Breimstafett defilering

Flaggheis. Barnetog frå Heradsplassen til Omsorgssenteret, *Ja vi elsker og Nordfjordsongen*. Buss til Breim, tog frå Breimshallen til kyrkja. Privatbilar til Vereide, tog frå Folkehøgskulen til rundkjøringa og tilbake.

*Marsjheftet: Broadway, National Emblem, Norsk Turnermarsj, King Size, Norge i rødt, kvitt og blått, Den Norske Løve.*



# Årsmelding



15. mars var det speling for 50-års jubilanten Bjørn Inge. Blomar og klem frå korpsleiaren høyrer med.

2. juni Grendakonsert på Heradsplassen. Kafèen «Lauget» hadde ekstra åpent, og melde om god omsetning i det flotte været. Bra mykje publikum.  
*Turnermarsj, Ut mot havet, Fanfare for Fjordane, Koppången (solist Lene Førde), The Diplomat march, Fagert er landet, Nordfjordsongen.*
9. juni Siste øving, innsamling av notar og markering av Gudmar sin 75-års dag 14. juni.
11. juni Sosial avslutning ved Veslevatnet. Dette passa for 16 av medlemmane. Grilling, utdeling av takk for ekstra innsats, natursti, godt vær og godt humør.
22. juli Eva Fitje Holme 60 år. Korpset spelte marsjar.
10. og 11. september Øvingshelg på Skei hotell. Laurdag kveld viste Geir opptak frå skotårsgallaen.
2. oktober Konsert med The Brazz Brothers  
(Jan Magne Førde, Helge Førde, Runar Tafjord, Stein Erik Tafjord, Kåre Nymark, Kenneth Ekornes)  
*We shall walk, Muskrat Ramble, The Mooche, Beat Jazz, Limbo jazz, High Society, Mood indigo, Chimes Blues. I Surrender All, Down By The Riverside*
29. oktober NV-meisterskap Eid. Deltaking i 1. divisjon, janitsjar. Eitt korps deltek. Vinnar.  
*Suite, Koppången, Birth of a new day.*
30. oktober Skulekorpsbasar Aulaen, arr: Sandane skulekorps.  
*Suite, Koppången, Chimes Blues.*
6. november Skulekorpsbasar Breimshallen, arr: Breim skulekorps.  
*Suite, Koppången, Chimes Blues.*
10. november Innspeling av kvalifiseringsstykket til 4. divisjon NM. *Birth of a new day.*
3. - 24. november Sal av hovudlotteriet. Hadde auka tal lodd frå 5500 til 6000. Alt utselt.
27. november Julebasar i Aulaen.  
Nye vinstar frå Eide-klubben var flotte sveipa korger, adventskalendrar og nissefamilie på brett.
11. desember Julekonsert i Breim kyrkje.  
*Christmas Spirit, Eg veit i himmerik ei borg, Betlehems stjärna, Å, kom nå med lovsang*
20. desember Julekonsert i Vereide kyrkje.  
*Christmas Spirit, Eg veit i himmerik ei borg, Betlehems stjärna, Gled deg, du jord, Å, kom nå med lovsang*
24. desember Gloppen omsorgssenter, Karnilstunet og Gudsteneste i Vereide krk.



# Rekneskap og budsjett

Inntekter	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Budsjett 2017
Medlkont/Uniform/Instrumentleige	kr 29 850,00	kr 25 650,00	kr 36 000,00
Offentleg speling		kr 6 000,00	kr 5 000,00
Dugnad		kr 15 000,00	
Julebasar	kr 44 007,00	kr 46 092,00	kr 45 000,00
Påskebasar	kr 44 638,00	kr 43 930,00	kr 45 000,00
Hovudlotteri	kr 60 000,00	kr 55 000,00	kr 60 000,00
17.mai speling / Buss	kr 5 080,00	kr 5 313,00	kr 8 000,00
Gåver	kr 9 384,00	kr 16 600,00	
NMF VO-midlar	kr 12 838,00	kr 11 070,00	kr 13 000,00
Norsk Tipping	kr 9 304,29	kr 9 367,79	kr 12 000,00
Sponsor	kr 30 000,00	kr 30 000,00	kr 10 000,00
Kulturmidlar	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 10 000,00
MVA komp. 2015	kr 22 446,00	kr 17 560,00	kr 20 000,00
Eigenandel Øvingshelg	kr 27 870,00	kr 32 470,00	kr 35 000,00
Nordvest Meisterskapen 2015		kr 75 348,72	kr 10 000,00
NM Janitsjar	kr 109 838,00	kr 71 257,00	kr 85 000,00
Brass Brothers konsert	kr 117 940,00		
Skotårgalla	kr 91 826,00		
Sommarnatt ved fjorden			
Renteinntekter	kr 77,00	kr 176,00	kr 50,00
Undersskot		-	
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>kr 625 098,29</b>	<b>kr 470 834,51</b>	<b>kr 394 050,00</b>

Sak 4 og 8

# Rekneskap og budsjett

Utgifter	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Budsjett 2017
Instrument	kr 27 732,00	kr 40 649,00	kr 35 000,00
Notar	kr 4 747,00	kr 13 706,66	kr 10 000,00
Uniform	kr 7 992,50		
Gåver / Blomar	kr 6 476,70	kr 8 451,00	kr 4 000,00
Husleige	kr 17 300,00	kr 14 700,00	kr 16 000,00
Instruksjon	kr 101 870,00	kr 104 310,00	kr 105 000,00
Øvingshelgar	kr 42 216,00	kr 39 067,13	kr 40 000,00
Administrasjon	kr 11 289,80	kr 7 344,00	kr 5 000,00
Hovedlotteri	kr 17 274,38	kr 15 443,05	kr 15 000,00
Påskebasar	kr 19 069,05	kr 15 289,42	kr 15 000,00
Julebasar	kr 17 720,10	kr 16 716,12	kr 15 000,00
17.mai Buss	kr 5 080,00	kr 5 313,00	kr 8 000,00
NordVest-Mesterskap 2016	kr 10 712,90	kr 17 674,00	kr 20 000,00
Korpstur NM 2016	kr 163 758,00	kr 103 787,00	kr 135 000,00
Musikkleir	kr 4 000,00		kr 5 000,00
Brass Brothers konsert	kr 78 545,00		
Sommarnatt ved fjorden			
Skotårgalla 2016	kr 98 720,64		
NMF Kontingent	kr 10 385,00	kr 10 385,00	kr 10 000,00
Forsikring	kr 5 455,00	kr 5 755,00	kr 5 000,00
Årsmøte / Leiarsamling NMF		kr 143,00	kr 2 000,00
Diverse		kr 5 100,00	
Finanskostnader	kr 580,00	kr 440,00	kr 500,00
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>kr 650 924,07</b>	<b>kr 424 273,38</b>	<b>kr 445 500,00</b>



Erfarne fagfolk må til når aulaen på Firda skal gjerast klar for førjulstreffet første søndag i advent.



Tradisjonelle premier på førjulstreffet, men denne basaren tok farvel med nissehusa, og introduserte sveipa vinstar som erstatning.

# Rekneskap og budsjett

## ÅRSAVSLUTNING 2016

<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Underskot</b>
kr 625.098,29	kr 650.924,07	kr 25.875,28
Bank 01.01.2016	kr 302 901,50	
Underskot 2016	kr 25.875,28	
Bank 31.12.2016	kr 277.075,72	

Gloppen Janitsjar, Sandane 1. januar 2017, Margunn Evebø, kasserar

### Samandrag av nokre rekneskapstal

	Inntekt	Utgift	Netto
Påskebasar	44 638,00	19 069,05	25 568,95
Hovedlotteri	60 000,00	17 274,38	42 725,62
Julebasar	44 007,00	17 720,10	26 286,90
NM 2016	109 838,00	163 758,00	-53 920,00
Skotårgalla 2016	91 826,00	98 720,64	- 6 894,64
Konsert Brass Brothers	115 330,00	78 545,00	36 785,00
Nordvest	-	10 712,90	-10 712,90

### Kommentarar til tala:

- Rekning husleige 2016 kr 16.500 + kr 1.300 ikkje med på rekneskapen. Forfall 19.01.17
- Instruksjon 2016 kr 101.870 ikkje med på rekneskapen. Forfall 20.01.17
- Utestående kontingent/NM ca. kr 8 500,-
- Ikkje fakturert festmiddag og konsert NVM kr 3.820. Dette vert inntektsført i 2017
- Kr 900 skulle vore inntektsført på førjulstreffet
- Buss julaftan kr 4.153 og annonse kr 383 blir ført på 2017
- NM her er med depositum for NM 2017 kr 4.000 + kr 750 for kvalifisering

## REVISJONSMELDING

Rekneskapen er revidert og funnen rett.

Sandane, 20. januar 2017, Heidi Fure Klausen (sign), Didrik Eide (sign)



Heidi slapper av under øvingshelga på Skei.



# Arbeidsplan



*Snasne karar i snasne klede er klare til Skotårsgalla.*

## 2017 Vår

Torsdag 5. januar	1. øving i 2017
Helga 21.-22. januar	Øvingshelg på Sandane, Gloppen Ungdomsskule
Torsdag 9. februar	Årsmøte
Torsdag 16. mars	Skulekorpsbasar i Hyen
Søndag 19. mars	Skulekorpsbasar på Sandane
Helga 31. mars-1. april	NM Trondheim. Deltar i 5.divisjon
Søndag 9. april	Påskebasar i Breimshallen Komité: Solveig Tørudstad, Gunnar Eide, Olav Myklebust, Lene Førde
Søndag 7. mai	Breimstafett. Spele til defilering
Onsdag 17. mai	17. Mai 0900 Sandane, 1030 Breim, 1500 Sandane, 1600 Rygg
Mai/Juni	Sesongavslutning. Sentrumskonsert v/Lauget

## 2017 Haust

Torsdag 24. august	1. øving hausten 2017
Helga 2.- 3. sept.	Øvingshelg
Oktober	Skulekorpsbasar Breim
Oktober	Skulekorpsbasar Sandane
Laurdag 28. oktober	NV-meisterskap, Arr: Møre og Romsdal
Søndag 3. desember	Julebasar. Aulaen
?. desember	Julekonsert Breim
?. desember	Julekonsert Vereide



*Det gjekk i Twist, havrekjeks og kaffi under årsmøtet i februar.*



*Ungdomen har funne seg ein sofa i ein pause i øvingshelga på Skei i september.*

# Årsmøtesaker

## Heimesida til Gloppen Janitsjar

Skal vi ha den? Kan vi klare oss utan? Korleis skal den ev. vere?

**Framlegg til vedtak:** Vi ynskjer å ha heimesida, sjølv om dei fleste brukar Facebook til dagleg oppdatering. Heimesida kan vere historia vår, mens Facebook er retta framover. Den historikken som låg på den «gamle» heimesida har det vore spørsmål etter. Medlemane bør ha tilgang til tidlegare årsmeldingar og saker som er behandla i styret. Oppslag på medlemsliste m/tlf og e-post, gjerne tidlegare medlemar òg.



*Brassbrørne  
og janitsjaren i  
Kultursalen første  
helga i oktober.  
(Foto: Eli Førde  
Aarskog)*

# Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart sist auka i 2015. Då frå 500 - 600 for vaksne og frå 250 - 300 for skuleelevar. Vi har auka loddmengda til 6000 lodd, og ynskjer heller å auke kontingenten enn å auke talet lodd ytterlegare.

**Framlegg til vedtak:** Kontingenten i Gloppen Janitsjar vert auka frå 600 til 1000 for vaksne og frå 300 til 500 for skuleelevar.

# Val

## Valnemnda si innstilling styre:

Leiar:	Marta S. Engeland	Ikkje på val
Nestleiar:	Ingrid S. Søreide	Ikkje på val, valt for 3 år
Kasserar:	Margunn A. Enebø	Ikkje på val
Sekretær:	Jorunn Vereide Kvernevik	Ny
Styremedlem <sup>1</sup> :	Reidunn Kjørvik Førde	Ikkje på val
1. vara. <sup>2</sup> :	Martin Eikeset Koren	Attval
2. vara.:	Gunnar Eide	Attval

## Valnemnda si innstilling utval:

### Musikkutval

Martin Eikeset Koren (leiar)	Attval (leiar)
Ole Henrik Mølmann	Attval
Trond Haugen	Attval
Dirigent	

### Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

## Valnemnda si innstilling revisorar:

### Revisorar

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

## Styret si innstilling til valnemnd:

### Valnemnd 2017

Vigdis Henden	Attval
Olav R. Myklebust	Attval
Linda Pupe Støyva	Ny

1) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.

2) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at første vara er leiar i musikkutvalet.



*Bernt og Linda er klare for nyte NM-kvelden i Trondheim.*



*Det yngste innslaget for i år finn vi sjølv sagt i godisdisken på førjulstreffet.*

# Vedtekter for Gloppen janitsjar

## §1 ORGANISASJON

Gloppen Janitsjar, skipa 4. september 1986, er tilslutta Norges Musikkorps Forbund gjennom NMF region Nordvest. Gloppen Janitsjar er ei samanslåing av Sandane Hornmusikk skipa 2. november 1892, og Breim Hornmusikk skipa 22. september 1945.

## §2 FORMÅL

### 2.1 Musikk

Ta vare på og utvikle korpsmusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og organisering. Drive tilleggsaktivitetar som ensemblespel, storband og liknande når det er interesse for det.

### 2.2 Sosial aktivitet

Ta vare på og utvikle korps- og organisasjonsarbeid som aktivitet.

### 2.3 Informasjon

Informere utad om korpset og Norges Musikkorps Forbund sine aktivitetar, fremme forståing for korpsa sine kulturelle, sosiale og oppdragande verdi.

### 2.4 Musikkpolitikk

Ta vare på korpset sine interesser i det lokale musikk- og kulturliv. Følgje opp dei overordna musikkpolitiske retningslinene som NMF set opp.

### 2.5 Arrangement

Gje musikarar, dirigentar og tillitsvalde tilbod om kurs. Arrangere og delta på konsertar, stemne/festivalar, konkurransar og andre arrangement.

### 2.6 Utviklingsarbeid

Utvikle og betre musikkfagleg og organisasjonsfagleg opplæring i samarbeid med skuleverket, kulturskolen, NMF og andre organisasjonar.

Ta initiativ til nødvendig organisasjonsmessig utvikling, omstilling og samarbeid med andre korps og musikklivet elles.

## §3 MEDLEMSKAP

### 3.1 Opptak av medlemmar

Aktive amatørmusikarar og ikkje utøvande personar kan takast opp som medlemmar. Dette skjer gjennom korpssstyret.

### 3.2 Organisering av korpset

Korpset følgjer forbundet sine gjeldande aldersgrenser.

Utøvande medlemmar frå skulekorps kan takast opp som aspirant frå 1. august det året han/ho fyller 15 år. Medlemsplikter i aspiranttida skal oppfyllest i høve til skulekorpset.

Medlemmar kan takast opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.

Nye medlemmer vert automatisk ført inn som medlem i NMF. Dette skal gjerast ved å bruke gjeldande NMF-skjema for medlemskap, og vert lagt inn i NMF sin medlemsbase. Er det endringar i dei registrerte opplysingane pliktar kvar einskild medlem å orientere styret om dette snarast. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering.

Styremedlemer må vere medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMF sin database. Tvistar i samband med dette vert avgjort av regionstyret.

### 3.3 Føresetnader for medlemskap

a) Korpsmedlemmane må halde korpset NMF sine vedtekter, reglar og lovlege vedtak.

b) Medlemmene skal møte på øvingar, konsertar og andre oppdrag til avtala tid. Dersom eit medlem ikkje kan møte skal leiar/dirigent varslast så tidleg som råd.

c) Instrument, uniform og utstyr skal haldast i god stand. Uforsiktig behandling kan medføre økonomisk ansvar.

d) Deltaking i andre korps eller bruk av korpset sine egedelar i andre musikkaktivitetar må godkjennast av styret.

### 3.4 Kontingent og rapportering

Korpsåret følgjer kalenderåret. Medlemsregistrering, innrapportering til NMF og kontingentbetaling skal sendast NMF på avtala skjema/medium til gjeldande fristar. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering. Korpset skal betale kontingent til NMF innan 1. februar etter tal registrerte medlemmar pr. 31. desember.

### 3.5 Permisjon

Styret kan gje medlemmer som søker om det permisjon frå spelning i korpset i inntil eitt år. I permisjon har medlemmet likevel dei plikter og rettar som ordinær medlem

### 3.6 Utmelding

Medlemmar som ynskjer å melde seg ut, må gje melding om dette til leiinga i korpset. Ved utmelding skal det samstundes skje utmelding frå NMF. Utmelding bør ikkje skje i løpet av korpset.

### 3.7 Suspensjon og eksklusjon

a) Medlemmar som ikkje rettar seg etter gyldige vedtekter, reglar og vedtak, eller er til skade for korpset sin aktivitet, kan styre suspendere for eit bestemt tidsrom. I grovare tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.

b) Vedtak om suspensjon og eksklusjon kan ankast inn for regionstyret.

## §4 ÅRSMØTE

### 4.1 Status

Årsmøtet er Gloppen Janitsjar si høgaste myndigheit.

### 4.2 Årsmøteperiode, innkalling og saker til årsmøtet

a) Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar.

b) Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret

c) eller 1/3 av medlemmane krev det.

d) Innkalling skal sendast ut minimum to veker før ordinært årsmøte, og ei veke før ekstraordinært årsmøte.

e) Årsmelding, revidert rekneskap, valkomiteen si innstilling og andre saker til behandling på årsmøtet skal sendast ut seinast ei veke for årsmøtet.

f) Medlemmar må fremme saker til årsmøtet gjennom styret. Slike saker må vere kome til styret seinast ei veke for årsmøtet skal haldast. Styret pliktar å leggje saker som kjem inn i rett tid fram for årsmøtet.

### 4.3 Representasjon, rettar og voteringar

a) På årsmøtet deltek korpset sine medlemmar og gjester invitert av styret.

b) Desse har stemmerett: Utøvande medlemmar som oppfyller sine medlemsplikter. Styremedlemmer i alle saker, unnateke ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

c) Representantar for NMF har talerett. Årsmøtet kan gje talerett til den det matte ynskje.

d) Gyldig vedtak krev absolutt fleirtal (over halvparten av dei avgjevne stemmene) dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtektene.

e) Årsmøtet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades.

### 4.4 Årsmøtet sin dagsorden

Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

1) Konstituering

a) Opning

b) Namneopprop



# Vedtekter Gloppen janitsjar

- c) Godkjenning av innkalling
  - d) Godkjenning av dagsorden/sakliste
  - e) Val av møteleiar
  - f) Val av årsmøterefereent
  - g) Val av to til å skrive under protokollen
- 2) Godkjenning av årsmelding
  - 3) Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sin merknad.
  - 5) Saker framsett av styret
  - 6) Saker framsett av medlemmar
  - 7) Kontingent
  - 8) Budsjett
  - 9) Val av styre som består av:
    - Leiar
    - Nestleiar - Kasserar - Sekretær
    - Styremedlem
    - 1 og 2. varamedlemAlle, med unntak av varamedlemene, vert valde for to år, men likevel slik at to eller tre vert valde kvart år.
  - 10) Val av to revisorar for eitt år.
  - 11) Val av tre medlemmar til valkomite for eitt år.
  - 12) Val av utsendingar til NMF avd. Sogn og Fjordane sitt 2-årige årsmøte
  - 13) Val av musikkutval
  - 14) Val av sosialkomite

Valbare til verv er dei frammøtte representantane eller andre medlemmar som har sagt seg villig til å motta verv. Dei som skal veljast må ha gyldig medlemskap. Vala skal skje skriftleg dersom nokon krev det.

## §5 STYRET

### 5.1 Samansetning

Styret består av: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og varamedlemar.

### 5.2 Fullmakter

- a) Styret leiar korpset etter dei vedtak årsmøtet har gjort. Leiaren eller den styret gjev fullmakt teiknar korpset.
- b) Styret har fullmakt til å oppnemne dei utval og komitear det finn trong for.

- c) Styret har fullmakt til å revidere og utforme dei reglar og instruksar det er behov for i tilknytning til desse vedtektene og for å presisere og regulere korpset sitt ansvar og aktivitetar.

### 5.3 Innkalling til styremøte - vedtak

- a) Styret vert innkalla når leiaren eller tre styremedlemmar krev det
- b) Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades.
- c) Styrevedtak skal protokollførast og korpmedlemmane skal gjerast kjent med dei vedtak som er gjort.

### 5.4 Avslutning

Styret skal utarbeide årsmelding og avslutte rekneskapen for kvar årsmøteperiode. Årsmelding og revidert rekneskap skal leggast fram for årsmøtet til godkjenning.

### 5.5 Personalansvar

Styret føretrek engasjement, tilsetjing, oppseiing og gjev avskjed og har fullmakt til å inngå løns- og arbeidsavtaler Styret er ansvarleg for å innhente politiattest for på dei som har tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar utøver dagleg personalansvar.

### 5.6 Beredskapsplan for korpset

Styret pliktar å forholde seg til beredskapsplan for korpset når korpset er på tur og deltek på arrangement.

## §6 MEDLEMSMØTE

Medlemsmøtet er forum for informasjon og drøftingar og løysing av konflikttar for korpset sine medlemmar. Det skal haldast medlemsmøte når styret eller korpset sine øvrige medlemmar ber om det.

## §7 KOMITEAR

### 7.1 Revisjon

Revisjonen skal gjennomgå rekneskapen for kvart år og leggje fram revisjonsmelding for årsmøtet.

### 7.2 Valkomiteen:

Valkomiteen skal finne fram til valbare kandidatar til dei ulike tillitsverv slik det går fram av paragraf 4.4, og leggje komiteen si innstilling fram for årsmøtet.

## §8 OPPLØYSING OG UTMELDING AV NMF

### 8.1 Oppløysing

Oppløysing av korpset kan berre gjerast av to påkvarandre følgjande ordinære årsmøte. Vedtaka krev 2/3 fleirtal i eit lovleg sett årsmøte.

### 8.2 Korpset sin midlar og aktiva

I tilfelle oppløysing, skal korpset sine midlar plasserast i bank på sperra renteberande konto som vert disponert av NMF avdeling Nordvest, kulturutvalet eller kulturskolen i kommunen til nytt korpset er oppretta, og som då overtek midlane. Korpset sine øvrige aktiva skal opp-bevarast på forsvarleg måte og disponerast på same måte som nemnd i første setning. Denne bestemmelsen gjeld ikkje ved samanslåing av korpset.

### 8.3 Overføring av midlar og aktiva

Det siste ordinære årsmøtet kan bestemme at korpset sine midlar og eigedom skal overførast til eit anna korpset, musikk-skule eller til musikkføremål i grunnskolen dersom nytt korpset ikkje reorganiserast innan tre år.

### 8.4 Utmelding av NMF

Ved utmelding av forbund må det gjerast vedtak på to påfølgjande årsmøte med minst ein månads mellomrom. Gyldig vedtak krev minst 2/3 fleirtal. Utmelding må skje innan 15.november for at den skal gjelde frå 1.januar neste år. Ved utmelding vert all rett til NMF sine verdiar, tapt.

## §9 VEDTEKSENDRINGAR

Årsmøtet kan endre desse vedtektene med 2/3 fleirtal.

Er det usemje om korleis vedtektene skal forståast skal usemja leggast fram for regionstyret med forbundsstyret som ankeinstans.

### Ikrafttreding:

Desse vedtektene gjeld frå 6. april 1991, dei er revidert i april 1995 og 2007, og sist endra på årsmøtet 1. februar 2013.

# Referat frå årsmøtet 2016

i Gloppen Janitsjar torsdag 11. februar 2016  
Møtet vart halde i Aulaen på Firda Vidaregåande skule kl. 2100.

30 medlemmer deltok på årsmøtet.

## 1. Opning

Vigdís ynskta velkomen.

## 2. Konstituering

### Namneopprop

30 deltok og 7 medlemmer deltok ikkje på årsmøtet.

### Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent. Kommentar om at vi ikkje treng koste annonse i avisa om årsmøtet fordi dette er offentleg på heimesidene til korpsset.

### Godkjenning av sakliste

Saklista godkjent.

### Val av møteleiar

Vigdís Henden.

### Val av møtesekretær

Linda Pupe Støyva.

### Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

Hanne Lyngstad og Olav Myklebust.

## 3. Årsmelding 2015

Den framlagde årsmeldinga vart godkjent med merknader som blir retta i den endelege utgåva.

Dette var: Vareteljing 4. januar 2015 og øvingshelg 24. og 25. januar 2015.

Speling til Jon G Eide sin 80 årsdag 30. september.

Under representasjon: Bernt Reed vart takka av på tinget, han har tidlegare vore leiar. No går han av etter fire periodar i valnemnda, to av desse som leiar her. Han har også vore ordstyrar under tinga.

Vi tar med at det er 10. året John-Rune Ødven dirigerer oss.

## 4. Rekneskap 2015

Rekneskap 2015 godkjent. Korrigert årstal i tekst på postane 3160, 3200 og 7160.

Margun la fram endringar i kommentarane på årsmøtet.

Dette blir tatt inn i endeleg utgåve.

## 5. Årsmøtesaker

Ingen saker.

## 6. Arbeidsplan 2016

Basar i Hyen er fastsett til 14. april.

Hausten 2017 set vi opp arrangering av NV-meisterskapen med spørsmålsteikn. Dette er ei viktig inntektskjelde, og økonomien tilseier at vi arrangerar dette med jamne mellomrom.

## 7. Kontingent

Ingen endring.

## 8. Budsjett 2016

Endra inntekt post 3100 frå 6000,- til 8000,-.

Sum inntekter Kr. 505 200,-.

Endra utgift post 7790 frå 0,- til 5000,-.

Sum utgifter Kr. 553 500,-.

## 9. Val

Valnemnda sitt framlegg til nytt styre vart vedteke.

Styret sitt framlegg til ny valnemnd vart vedteke.

## 10. Avslutning

Vigdís takka for oppmøtet, og ynskta det nye styret lukke til.

Martha takka dei som gjekk ut av styret: Vigdís, Hanne og Olav, med ein blomsterbukett kvar.

Endeleg utgåve av årsmeldinga ligg føre.

Årsmøtet avslutta kl. 2215.

Sandane 12. februar 2016

Linda Pupe Støyva, sekretær

Hanne Lyngstad (sign)

Olav Myklebust (sign)



Denne slått er obligatorisk å kunne for medlemmar i Gloppen janitsjar, og vert sunge med stor innleving ved ulike høve, og alltid i festleg lag.

Teksten er skriven i løpet av eit ukjent tal flasker raudvin og diverse anna ei natt på Eide, og snikinnført i bussen på veg til eit korpsstemne på Bud tidleg i juni 2002.

Akkompagnert av enno fleire flasker raudvin og ulikt anna i nye seine nattetimar på stemnet vart den sjølvstekt ein umiddelbar suksess.

Melodien er adoptert frå songen «Heimvernslåten», som var B-sida på singelplata «Olkabilamo» som den på 60-talet populære Salhuskvintetten (ikkje til å forveksle med Salhusvinskvetten) gav ut i 1963. Singelen var den andre dei gav ut, og på A-sida var låten «Jektesamba». «Heimvernslåten» dukka opp att på samlinga «20 beste» frå 2000.



Mest kjende vart Salhuskvintetten nok med låtane «Singel og sand», «Gryta hennar mor» og «Da ska' bli andre boller når papen kjem heim».

## JANITSJARSLÅTTEN

*Gloppen janitsjar er beste korpset i verda  
Vil du vera med så har du mykje å læra  
Vals og tango, susamarsj i lag med nokre gamle gode stev  
Dirigenten seier atte no må vi øve  
Ikkje berre sitje dar å tøyse å tøve  
Om ikkje lenge lenge skal vi vise vise vise ka vi kan*

*Hei hei hei heile korpset ut å gå i taktfast takt takt  
Gamle gubbar unge møyer fint på rekkje rekkje rekkje å i rad  
Bratt i nakkane ber vi våre hønn med tydleg stoltheit  
Blåe jakker svarte bukser opp på haude der sit hua fint på snei*

*Heldigvis så er det meir enn ein gong i året  
Vi er ut å går med desse trommene våre  
Ralljande på skinna sine ratta-tatta-tatta-tatta-ta  
Blanke pussa hønn og svarte lakrisstenge  
Saxofon å bass og alt det hitt vi trenge  
Gloppen Janitsjar i svart og blått i svart og blått ja det er flott*

*Hei hei hei heile korpset ut å gå i taktfast takt takt  
Gamle gubbar unge møyer fint på rekkje rekkje rekkje å i rad  
Bratt i nakkane ber vi våre hønn med tydleg stoltheit  
Blåe jakker svarte bukser opp på haude der sit hua fint på snei*